



Arve Fyllingsnes
Fyllingsnesvegen 136
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/1867 - 20/7131

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:

10.02.2020

Orientering om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 214/4 Fyllingsnes

Vi viser til klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av bustad nr. 2 på gbnr 214/4 Fyllingsnes.

Klagen vart behandla i Utval for areal, plan og miljø i møte den 05.02.2020, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM tek klagen til følgje.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet gjeve i kommuneplanen sin arealdel og forbodet som gjeld i 100 metersbeltet som omsøkt, for oppføring av einebustad med tilkomstveg på gbnr 214/4 på Fyllingsnes.

Vedtaket vert grunngeve med at det er viktig å oppretthalde drift på bruket, og då er det påtrengande at det kan oppførast eit nytt våningshus for eigaren, som no bur ein annan stad i krinsen. Eit nytt våningshus vil etter APM si vurdering kunne sikre at det vert drift av verdifullt slåtteareal og at det kan vera husdyrhald på bruket. Det å gje dispensasjon som omsøkt, er difor i tråd med omsyna bak LNF føremålet i kommuneplanen, fordi dette vil ivareta landbruket på staden.

Ein bustad på omsøkt stad vil ikkje på noko vis vera til ulempe for strandsoneverdiar eller andre interesser knytt til strandsona, jf. plan- og bygningslova sin § 1-8.

Ut frå ei samla vurdering meiner APM at omsøkt tiltak er klart større enn ulempene, og det difor kan gjevast dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av bustad nr. 2 - gbnr 214/4
Fyllingsnes
Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av bustad nr. 2 - gbnr 214/4
Fyllingsnes

Kopi til:

Arve Fyllingsnes	Fyllingsnesvegen 136	5913	EIKANGERVÅG
------------------	-------------------------	------	-------------

Mottakarar:

Arve Fyllingsnes	Fyllingsnesvegen 136	5913	EIKANGERVÅG
------------------	-------------------------	------	-------------